



## Ordføreren sitt hjørne - november

Det nye kommunestyret er i gang , og dei nye hovud utvala skal ha møter denne veka. Det er alltid eit lite vakum ved overgang mellom gamle og nye politikarar. No er me i gang, og dei fyrste møta tyder på at me skal få gode politiske diskusjonar framover. Trur det blir moro og gjevande.

Eg skreiv ein del i hjørna mitt sist om asylmottaks situasjonen for Hemsedal. Det er ikkje veldig mykje som er endra sidan sist. Dei 2 faste mottaka med inntil 180 personar på mottaket på Tuv og Langeset med 30 ungdommar er i god drift. Dette er mottak som kommunen har god informasjon om, og det er eit oversiktleg økonomisk opplegg for dei tenestene som kommunen skal gje. Det har etter kvart også vorte ein stor arbeidsplass , det er no ca. 20 personar som har fast arbeid i dette systemet. Dei 2 akutte transittmottaka på Fossheim og Skogstad skal halde fram til midt i desember. Det er dei opplysningane kommunen er kjent med no. Dette er avtaler direkte mellom UDI og bedrift, og kommunen får berre melding om at slike avtaler er gjort. Som eg skreiv sist, så var dette flyktingar som skulle vera i akuttmottaket berre nokre dagar. Det syner seg no at det stemmer ikkje. Dei fleste blir mykje lengre enn dei 2-7 dagar som var sagt. Det gjer at kommunen får eit langt større press på tenesteapparatet vårt enn det me trudde. UDI har ikkje kome med nokon avklaring på korleis dette blir framover, så uvissa er stor. Eg trur uvissa er stor også for UDI. Flyktingstraumen inn til Europa og til Norge er større enn nokon gong. Den aukar for kvar veke som går. Prognosane blir stadig endra. Det er ei ny, og eg trur uventa utvikling ,som er vanskeleg å takle på vanleg måte. Det er mange ekstraordinære tiltak som må gjerast. Derfor må me nok akseptere at det går for fort, og at informasjonen er mangelfull. Det ser ut som bygda vil greie dette på ein tilfredstillande måte fram til midten av desember slik det er sagt. For regjeringa er nok utfordringa større enn hjå oss, både økonomisk og når det gjeld kapasitet på mottaksapparatet. Kommunen prøver å informere på heimesida vår, men me kan ikkje skrive meir enn me sjølve får informasjon om.

Hallingdølen hadde ein reportasje om barnehagesituasjonen i Hallingdal. Den synte at det er nedgang i talet på born også her i Hemsedal. Det veit me sjølv sagt, for fødselstala har vore lågare dei siste 3 åra mot det me har ligge på i fleire år før det. Me har full barnehagedekning slik regelverket er. Alle som er fødde før 1/9 året før har barnehageplass. Det er dei borna me får rammetilskot for, og det er dei som skal ha garantert plass. Kommunestyret har sagt at me ynskjer å kunne tilby barnehageplass også til born som er fødd etter 1. september. Gode barnehagetilbod ser me på som eit nyttig virkemiddel for å få unge familiar til å busetja seg i kommunen. Dette har gått stort sett bra, men no er det venteliste. Dette blir ei utfordring som det nye kommunestyret må finne ei løysing på.

Det har for meg og kommunestyret vore mykje fokus på veg det siste året. Det er spennande om Rv 52 blir prioritert som ein av hovudvegane aust-vest. Alle faglege vurderingar tyder på det. Statsråden sa på Høgfjellskonferansen denne veka at han vil gjera dette vedtaket før nyttår, slik at Statens Vegvesen har fått ei klar prioritering inn i deira arbeid med ny NTP. Det vil bli avgjerande for kor stor satsing som blir gjort både over fjellet og gjennom Hemsedal. Eit positivt vedtak vil gje raskare bygging av gangveg frå Holde bru til Venås og andre tiltak langs vegen. Ny veg utanom sentrum vil då også ligge inne i framtidige utbetringar. Trafikken ser det ut til at me får i alle fall. Blir RV 52 hovudveg får me derfor også løyvingane som er nødvendig for å få gjort nødvendige tiltak. Det blir spennande veker framover.

Kanskje får me snø snart også!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører